

Har du tips om di bedrift eller bedrifter i Sunnhordland me bør skriva om?
Kontakt oss på: redaksjonen@sunnhordland.no

Vindmølleparken må ha 300 millionar for å overleva

Eigarar trekker seg ut av Midtfjellet vindpark medan styret i Fitjar Kraftlag vil investera nye 17 millionar i vindparken.

GEIR ROMMETVEIT
geir@sunnhordland.no

Den låge kraftprisen gjer at Midtfjellet vindpark slit kraftig. No prøver dei å få ny eigarkapital inn og restrukturera selskapet. Dei vil refinansiera bankgjelda si med eit nytt og mindre lån, og då er dei ute etter 300 millionar kroner i ny eigenkapital. I dag er aksjekapitalen på 60 millionar kroner.

Trekker seg ut
Energiselskapet Buskerud har ikkje lenger tru på vindkrafta på Fitjarfjellet og vil selja sine aksjor. Dei tre andre noverande eigarane er Fitjar Kraftlag, Østfold Energi Windkraft og Vardar Boreas. Swedbank Corporate Finance har sidan i sommar jobba med å finna nye investorar. Dei noverande eigarane har til saman ikkje kapasitet til å sikra framleis eigarfeirtal, og Swedbank har no funne fram til ein annan stor investor.

I eit informasjonsskriv frå Fitjar Kraftlag skriv styret at den potensielle investoren er ein stor europeisk forvaltar med lang investeringshorisont. Dagleg leiar i Midtfjellet vindpark, Erik Mortensen, seier til avisat at dette er slikt som berre eigarane skal uttala seg om, og at det er børssensitivt. Han vil ikkje kommentera meir om situasjonen for vindparken i samband med utvidinga av aksjekapitalen.

Fitjar kraftlag
Onsdag hadde Fitjar Kraftlag ekstraordinært årsmøte der dei orienterte om tronsgen for å auka eigenkapitalen i Midtfjellet vindpark. Eigarane i kraftlaget kunne då komma med innspel, men styret hadde alt bestemt seg for å stilla opp for vindmølleselskapet. Dei viste til ei fullmakt frå årsmøtet i 2008,

som gav dei lov til å låna inn til 65 millionar kroner for å investera i Midtfjellet vindkraft. Fitjar Kraftlag har til no eigm 33,3 prosent av vindmølleselskapet. No vil styret investera nye 17 millionar kroner i vindparken og får 5 prosent eigardel og ein styreplass etter eigenkapitalutvidinga. Styreleiar i kraftlaget, Agnar Aarskog, seier det å auka investeringane i vindmølleparken er det einaste rette å gjera trass i låg straumpris.

– Vindmøllene står der, og då må me gjera det som må til for å halda dei i drift. No riggar me selskapet til å kunna driva med overskot også i desse dagar når prisane er låge, seier styreleiaren. I orienteringa frå Fitjar Kraftlag står det også at kraftlaget vil få ei betydeleg større utfordring rundt kapital etter investeringa i Midtfjellet.

”

Eg er redd vindmølleparken blir ein mollestein rundt halsen på Fitjar Kraftlag

Torbjørn Hovland

Motstand

Torbjørn Hovland i Aksjonsgruppa for vern om Fitjarfjellet var på det ekstraordinære årsmøtet, og han er sterkt uroa for lagnaden til Fitjar Kraftlag.

– Eg er redd vindmølleparken blir ein mollestein rundt halsen på Fitjar Kraftlag. Andre norske eigarar trekker seg ut medan det ikke ser ut til å bli eit utanlands selskap som baserer seg på pensjonar som tek over. Eg er glad det ikkje er min pensjon dei skal spekulera med. Tidlegare haust vart det sagt at dei måtte ha minst 50 øre pr. kilowatt for å gå med overskot. På møtet sa dei 20 øre skulle vera nok. Eg tvilar på at det stemmer, seier Torbjørn Hovland.



Midtfjellet vindpark vil auka eigenkapitalen med 300 millionar kroner, og Fitjar Kraftlag kjem med 17 av dei.
ARKIVFOTO: PER EGIL LARSEN